

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Haukeland hotell, møterom «Småsalen»

MØTETIDSPUNKT: 13.06.2019, kl. 15.00 – 17.00

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Arve Varden	Medlem
Bente Aae	Medlem
Gunvald A. Iversen	Medlem
Marit Jacobsen	Medlem
Ragnhild Winum	1. varamedlem

FORFALL FRÅ STYRET

Marianne Saugestad	Medlem
--------------------	--------

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

Jon Bolstad	Administrerande direktør
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør
Ola Rye	Økonomidirektør
Ørjan Lundgren	Kommunikasjonsleiar
Tonje Folkvang	Apotekar, Sjukehusapoteket i Stavanger
Sigrid Hatland	Hovudtillitsvald
Grethe Bjørndal	Kontorsjef (referent)

SAKLISTE

Sak	011/19	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak	012/19	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 21.03.2019
Sak	013/19	Administrerande direktør si orientering
Sak	014/19	Årleg gjennomgang av styrande dokument i Sjukehusapoteka Vest HF
Sak	015/19	Internrevisjon av internkontroll

UNDERLAG

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

Saker til orientering:

Sak 018/19 Eventuelt

Skriv og meldingar

Lukka del

Sak 016/19 og 017/19 blir handsama i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

Sak 016/19	Verksemdsrapport per april 2019 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak 017/19	Økonomisk langtidsplan for Sjukehusapoteka Vest HF 2020-2024 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt

Styret sitt kvarter.

Sak 011/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden**Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjenner innkalling og dagsorden.

Sak 012/19 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 21.03.2019**Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 21.03.2019.

Sak 013/19 Administrerande direktør si orientering

1. Leiinga sin årlege gjennomgang av informasjonssikkerheit
2. Legemiddelmangel
3. Status arbeid revisjon Beredskapsplan
4. Midtveisevaluering pilotprosjekt ved SUS/Sjukehusapoteket i Stavanger – «Tilberedning av legemidler ved intensiv- og nyfødtafdelingen SUS»
5. Oversikt over aktuelle høyringar.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek meldingane til orientering. Styret ber administrasjonen vurdere om ikkje t.d pkt 1 seinare burde kome som styresak i staden som ad- info sak.

Sak 014/19 Årleg gjennomgang av styrande dokument i Sjukehusapoteka Vest HF**Oppsummering**

Administrasjonen kan ikkje sjå at det er gjort endringar i lovverket eller styringsbodskapen eller på anna måte som skulle tilseie at det er behov for ytterlegare revisjon av andre av Sjukehusapoteka Vest sine styrande dokument. Endringane i fullmaktsmatrisene er tydeleggjering av praksis og som følge av endra IKT-system (m.a. innføring av LIBRA/SAP).

Vedtak (samrøystes)

Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:

- Vedtekter for Sjukehusapoteka Vest HF
- Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
- Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel
- Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF
- Instruks for administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF
- SAV Styringsmodell
- Styrande dokument til Fullmaktsmatrise - revidert i år
- Fullmaktsmatrise – revidert i år
- Ethiske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest

- Konsept for intern kontroll i Helse Vest
- Retningslinjer for risikostyring i Helse Vest

Sak 015/19 Rapport internrevisjon av internkontroll

Oppsummering

Internrevisjonen i Helse Vest har gjennomført revisjon av føretaka sin oppfølging av *Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring*. Rapporten peiker mellom anna på behov for å etablere betre styring knytt til oppfølging av risikovurderingar, gjennomføring av leinga sin gjennomgang og deling av analyser av hendingar og forbetringstiltak på tvers mellom føretaka.

Vedtak (samrøystes)

Styret tar rapport om internrevisjon av internkontroll til vitande og ber administrasjonen følgje opp tiltak som framgår av saksførelegg, tabell 1: Handlingplan for oppfølging av tilrådingar frå internrevisjonsrapport.

Sak 010/19 Eventuelt

Ingen saker vart teken opp under Eventuelt.

LUKKA DEL

Lukka del vart handsama i tidsrommet 15.45-16.45

Møte blei lukka etter Helseføretakslova §26a, 2.ledd nr 4.

Sak 016/19 Verksemdsrapport per april 2019

Oppsummering

Samla resultat for SAV er positivt, og noko over budsjett. Styret ønskte at ein kjem attende med informasjon om kva handlingsrom som finst i høve til bruk av nye salskanalar for PUB området, eventuelt vurdering av ulike aspekt ved dette.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapport frå verksemda per april 2019 til vitande. Styret ber administrerande direktør særleg følgje utviklinga for verksemdsområde publikum nøye.

Sak 017/18 Økonomisk langtidsplan Sjukehusapoteka Vest HF 2020-2024

Oppsummering

Arbeidet med økonomisk langtidsplan har lagt vekt på behov for investeringar og utviklingsprosjekt og finansiering av desse. Planen legg opp til eit årleg overskot i SAV på 7 mill. dei tre første åra, med ei auke til 8 mill. dei to siste åra i perioden. Resultatet gjev finansieringsevne for investeringar. Økonomisk langtidsplan peikar ut retning for utvikling som understøttar Helse 2035, og ny Stratgiplan for SAV.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek økonomisk langtidsplan 2020-2024 for Sjukehusapoteka Vest HF med atterhald om at resultatet vert godkjent av Helse Vest.

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Eivind Hansen	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Arve Varden	Medlem
Bente Aae	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem (sett)
Marit Jacobsen	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem
Ragnhild Winum	1. Varamedlem

Grethe Bjørndal
referent
13.06.2019